

# Heimelaga

## Filologi

### TOTNAVAR

Kjære Spurvisl

Dei var verkeleg harde å bita i «netene» dine. Det er ikkje stort meir eg kan gjera enn å la spursmåli gå vidare. Her skal du sjå kva eg har funne ut, og ikkje funne ut.

Eg har rekna med at tot-navar er eit samansett ord, og at det er samansett soleis som bindestreken syner.

Navar er då heller greitt. Det er eit slags bor. Navar er forresten ogso eit samansett ord opphavelig. Fyrste luten er (hjul-)nav. Og andre luten er «geir» som tyder spjut. Frå fyrst av var det altso ein reidskap til å stinga hol i hjul-nav med.

Ordet totnavar vert, etter det eg høyrer, bruka som skjelsord, og tyder noko i nærleiken av «klassmajor». Det er mogeleg at ordet «tot» kan ha kome frå tysk, der det tyder «daud». Ein daud-navar måtte i so fall vera ein navar som var sovidt uslipa at han ikkje dugde. Men ettersom det finst fleire dugløyser i manneætti enn mellom navrar, kan det henda at det er grunnen til at det no berre vert bruka om menneske.

Alfabet.